



## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.10.2015	67817/2015	Håkon Slutaas

Saksnr	Utval	Møtedato
	Regional- og næringsutvalet	09.11.2015
	Fylkesrådmannens tilråding	10.11.2015
	Fylkesutvalet	17.11.2015
	Fylkestinget	07.12.2015

### **Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram**

#### **Bakgrunn**

Regional plan for Møre og Romsdal vassregion var på høyring i perioden 1. juli 2014 – 31. desember 2014. Det kom inn 56 innspel til planen og dette vitnar om stor oppslutning.

29.6.2015 vedtok fylkesutvalet å legge følgjande delar av forvaltningsplan ut på ny høyring:

- Delkapittel 3.7 i forvaltningsplan: Prioriteringar i arbeidet
- Delkapittel 5.3 i forvaltningsplan: Sterkt modifiserte vassførekomstar
- Delkapittel 5.4.1 i forvaltningsplan: Utsette fristar § 9
- Delkapittel 5.4.2 i forvaltningsplan: Mindre strenge miljømål
- Vedlegg 1 i forvaltningsplan: SMVF i Møre og Romsdal vassregion i planperioden 2016-2021
- Vedlegg 2 i forvaltningsplan: Utsette fristar i Møre og Romsdal vassregion
- Vedlegg 3 i forvaltningsplan: Mindre strenge miljømål i Møre og Romsdal vassregion.
- Handlingsprogram for regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2016

I den siste høyringa i perioden 1. juli 2015 – 15. september 2015 var 195 vassførekomstar foreslått som sterkt modifiserte vassførekomstar

22 av desse var foreslått med mindre strenge miljømål

183 vassførekomstar med ingen forslag til tiltak eller vurdering av miljømål var foreslått med utsatt frist til neste planperiode).

6 vassførekomstar hadde strengare miljømål

11 kystvassførekomstar var foreslått med utsatt frist grunna forureining/miljøgifter.

74 grunnvassførekomstar var foreslått med utsatt frist grunna kunnskapsmangel

Det kom inn 16 innspel. Lenke til innspel og høyringsrapportar ligg til slutt i saka.

## **Om planen:**

### Vassregion Møre og Romsdal:

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit for Vassregion Møre og Romsdal og fylkestinget skal vedta regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion. Dette inneberer at fylkeskommunen har ansvar for å koordinere arbeidet etter vassforskrifta og ferdigstille regional forvaltningsplan. Møre og Romsdal fylkeskommune er planmyndigheit. Det er total 1896 vassforekomstar i regionen. Vassregionen er delt inn i 5 vassområder. Desse er Nordre Nordmøre, Søre Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. Vassregion Møre og Romsdal følgjer vasskillet, dermed er delar av Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Oppland fylke omfatta av vassregionen. Likeins er mindre delar av Møre og Romsdal fylke omfatta av vassregionane Glomma, Sogn og Fjordane og Trøndelag

### Regional vassforvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion:

Planen fastset miljømål for elvar, bekkar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Den er sektorovergripande og skal bidra til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er forplikta til å leggje miljømåla til grunn for planlegging og verksemd.

Godkjent regional plan vil inngå i grunnlaget for sektormyndigheitene si saksbehandling. I sektormyndigheitene si saksbehandling vil det bli gjort ytterlegare avklaringar og konkrete vurderingar av fordelar og ulemper ved dei enkelte tiltaka. Her kan det bli lagt vekt på andre omsyn enn dei som er lagt vekt på i planen.

Arbeidet legg opp til 3 planperiodar, 2016-2021, 2022-2027 og 2028-2033.

### Miljømål i planen:

Vassforskrifta legg opp til at det blir sett miljømål for alle vassforekomstar. Det generelle målet er at vassforekomstane skal oppretthalde eller oppnå "god tilstand" innan 2021. Både økologisk tilstand og kjemisk tilstand må vere god for at vassforekomsten skal få betegnelsen «god miljøtilstand». Når ein vassforekomst har ein miljøtilstand dårlegare enn «god» må tiltak settast inn. For vassforekomstar som allereie oppfyller kravet om «god tilstand», skal det ikkje gjerast inngrep som reduserer vasskvalitet. Ein vassforekomst som står i fare for å ikkje oppnå god miljøtilstand i 2021 stå oppført som ein vassforekomst i risiko.

Grunnvatn har miljømålet god kjemisk og god kvantitativ tilstand.

Enkelte vassforekomstar blir omtala som sterkt modifiserte vassforekomstar (SMVF). Dette gjeld til dømes vassdrag utbygd for kraftproduksjon. Her er det ikkje mogleg å oppnå god tilstand utan at dette vil gå vesentleg ut over samfunnsnytta og -interessene desse vassdraga representerer i energiforsyning, verdiskaping, og klimaomsyn jf. regional energi- og klimaplan. Her er det ikkje hensiktsmessig å sette mål om god tilstand. Her vil målet vere summen av realistiske miljøforbetrande tiltak. Dette miljømålet heiter «godt økologisk potensial» (GØP). Kva som inngår i GØP er konkretisert for kvar individuelle vassforekomst som er sterkt modifisert. For nokre inneber det å oppretthalde ein haustbar fiskebestand som reproduserar seg sjølv, i andre inneber miljømålet eti fungerande akvatisk økosystem.

Dersom arbeidet skulle vise at det er umogleg eller svært kostnadskrevjande å nå målet om god tilstand eller godt potensial, gir forskrifta høve til å utsette måloppnåinga til seinare planperiodar eller vedta mindre strenge miljømål.

### **Vurdering**

Miljømåla skal vere oppnådd innan fristane sett i §§ 4 - 6 i vassforskrifta. I første planperiode er fristen 2021. Det er moglegheit å utsette fristane til seinare planperiodar (2022-2027 og 2028-2033). Forvaltningsplanen legg opp til at dei aller fleste vassforekomstane når målet om god miljøtilstand eller godt potensial innan 2021. Det er likevel ein del usikkerheit knytt til dette. Vassforskrifta stiller detaljerte krav til kunnskapen om vassforekomstane våre. Denne kunnskapen er i dag mangelfull. Ressursar til overvaking og kartlegging har ikkje vore tilstrekkeleg. Derfor er miljøtilstand- og risikovurdering av vassførekomstar i stor grad gjort på fagleg skjønn. Rettleiing og avklaringar frå sentrale myndigheiter har vore uklare og seine.

I forvaltningsplanen har 1529 (85 prosent) overflatevassforekomstar miljømål om god økologisk tilstand. 1757 (98 prosent) overflatevassforekomstar har fått miljømål og god kjemisk tilstand innan 2021.

For grunnvassforekomstar har 116 (100 prosent) fått miljømål om god kvantitativ tilstand og 115 (99 prosent) fått miljømål om god kjemisk tilstand. 1 Grunnvassforekomst på Lesja har fått utsatt frist frå å oppnå god kjemisk tilstand

#### Sterkt modifiserte vassførekomstar:

Om lag 300 vassforekomstar sto som kandidatar (moglege) til sterkt modifiserte vassførekomstar før 2. gangs høyring. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har saman med NVE og Miljødirektoratet utarbeidd forslag til miljømål, desse blei oversendt vassregionmyndigheita 17. april 2015. VRM hadde møte med regulantar 11. mai 2015 og miljømåla blei endeleg drøfta i møte i arbeidsutvalet til vassregionutvalet 21. mai 2015. Fylkesutvalet sendte miljømåla med tilhøyrande delkapittel i planen på ny høyring.

I vedlegg 1 i forvaltningsplanen er det opplista vassforekomstar som er utpeika som sterkt modifiserte i denne planperioden. Status gjeld berre ein planperiode, og vassforekomstane vil få ei ny vurdering ved rullering av planen. Totalt 196 vassforekomstar har fått status som sterkt modifisert av om lag 300 kandidatar. 108 vassforekomstar av kandidatane er sett som naturlege med miljømål om god tilstand.

#### Prioriterte revisjonsvassdrag og Surna-, Eira/Aura- og Svorka/Bævravassdraga:

Mange tidleg utbygde vassdrag har ingen krav om minstevassføring. Ved vilkårsrevisjon er det høve til å fremme krav om minstevassføring. Det er store økonomiske verdiar og naturinteresser knytt til vassdraga og ein må gå inn enkeltvis i vassdraga og vurdere tiltak. NVE og Miljødirektoratet har utarbeida ein rapport der ein gjer ei vurdering av potensielt krafttap og miljøeffekt som følgje av minstevassføring for alle vassdrag ved vilkårsrevisjon. *I rapport 49/2013, Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering*, er 50 vassdrag foreslått prioritert for vilkårsrevisjon med minstevassføring, mens 53 vassdrag har fått noko lågare prioritet. Dei høgast prioriterte vassdraga er plassert i kategori 1.1 og vurderas som vassdrag med stort

potensial for forbedring av viktige miljøverdiar, og med antatt lite eller moderat krafttap i forhold til forventna miljøgevinst.

3 vassdrag er prioritert av Møre og Romsdal vassregion, desse er:

- Aura/Eira (Aurareguleringen)
- Surna, Folla-Vindølavassdragene
- Svorka/Bævra

Surna og Aura/Eira er i rapport utarbeida av NVE og Miljødirektoratet blant vassdraga der krav om minstevassføring kan nyttast for å nå miljømåla (1.1 prioritert). Svorka/Bævra er i rapporten komme i kategori 1.2, etter ei vurdering av potensiale for laks og sjøaure er dette vassdraget tatt inn blant dei prioriterte. Desse tre vassdraga har ambisiøse miljømål om at fiskebestande skal være haustbare og ikkje vere avhengig av vedlikehaldstiltak. Med vedlikehaldstiltak meinast det utsetting av fisk, utsetting av rogn osv. Tafjordvassdraget er i same rapport prioritert som 1.1 vassdrag. Grunnlaget for denne prioriteringa skuldast landskapsmessige forhold, og er i mindre grad knytt til vassmiljø og elveøkologien. Ein prioriterar ikkje Tafjordvassdraget for revisjon i denne planperioden.

I sin uttale understrekar Surnadal kommune at revisjonskrav i Surna og Svorka/Bævra kom etter einstemmige vedtak i kommunestyre, at laks- og sjøaure er svært viktig for identitet, næring og regkreasjon i kommunen. Kommunen forventar ambisiøse miljømål.

Statkraft har i sin uttale påpeika at miljømåla i desse vassdraga vil føre til enorme krafttap, og har berekna sjølv eit potensielt krafttap til 0,7 TWH. Statkraft seier vidare at grunnlaget for miljømålet er for dårleg og det er ikkje gjort ei kost-nytte vurdering. Forvaltningsplanen vil etter Statskraft sitt syn innskrenke politisk styringsrett over vassdraga da miljømål skal rapporterast til EU. Statkraft har levert egne forslag til miljømål i desse vassdraga som er lik dagens tilstand.

Miljødirektoratet og NVE er samde om miljømålet som skal settast i vassdraga Aura/Eira-, Surna-, Folla- og Svorka/Bævravassdraga. Dei er likevel ikkje samde om når ein skal nå miljømålet, i denne planperioden eller i neste planperiode (2022-2027). Miljødirektoratet viser til at revisjonane er kome langt i desse vassdraga. Dei er grundig undersøkt og ei rask ferdigstilling av revisjonen samt rask effektuering av tiltak vil føre til at å oppnå miljømål om ein haustbar sjølvreproduserande fiskebestand. Miljødirektoratet vurderer at disse vassdraga kan oppnå god økologisk tilstand i neste planperiode (god økologisk tilstand i 2027).

NVE peiker på at ein revisjonsprosess erfaringsmessig tek lang tid (Aura/Eira – revisjonen ble starta i 2005) og desse må ferdigstillast i planperioden. Deretter skal tiltak settast inn. Det vil ta tid for at laks- og sjøaurebestandane bygger seg opp på eit nivå der dei produserer eit haustbart overskot. NVE meiner at det ikkje er realistisk å oppnå dette før 2021, og føreslår utsatt frist. NVE peiker vidare på at dette er sterkt regulerte vassdrag og eit miljømål om god økologisk tilstand lik uregulerte vassdrag er urealistisk innan 2027. NVE har varsla usemje mot dette viss desse miljømåle blir ståande i forvaltningsplanen.

Neset kommune ber om at miljømåla i Aura/Eiravassdraga ikkje får utsatt frist, men at ein støttar seg på Miljødirektoratets vurdering om at miljømålet skal oppfyllast innan 2021. Dei ber om at deira usemje om miljømål kjem fram i forvaltningsplanen.

Når miljømål blei sendt på høyring vedtok fylkesutvalet å legge til følgjande: «Fylkesutvalet føreset at tidlegare tørrlagde lakseførande vassdrag, som Aura-vassdraget, i vilkårsrevisjonane blir garantert ei minstevassføring på linje med seinare utbygde vassdrag». Fylkesutvalets merknad er gjort kjent for ansvarlege sektormyndigheiter. NVE har varsla dissens til forvaltningsplanen viss den legg opp til ein garanti for minstevassføring i alle tørrlagde elvestrekk som tidlegare har vore lakseførande.

Miljødirektoratet vil ikkje ta dissens til planforslaget om deira syn ikkje blir tatt inn i planen.

Vassforskrifta § 26 seier at medlemmar i Vassregionutvalet høve til å varsle usemje om planforslaget og få dette fram i planen. Vassregionmyndigheita har likevel eit ansvar for å sørge for et mest mogleg samstemt plan. Det er sektormyndigheiter som er ansvarleg for å legge premiss for realistiske tiltak og miljømål. Sjølv om desse vassdraga er høgt prioritert og at Nesset kommune støttar seg på Miljødirektoratets vurdering, legg vi vekt på at NVE som sektormyndigheit for revisjonsprosessen peiker på at det er urealistisk å oppnå miljømålet i 2021.

#### Utsatt miljømål i planperioden:

For nokre vassforekomstar vil det vere urealistisk å oppnå miljømålet om god tilstand i denne planperioden (2016-2021). Desse kan få utsatt frist til neste planperiode (2022 - 2027). Vassforekomstar med utsette fristar er oppført i vedlegg 2.

54 kystvassførekomstar har utsatt frist grunna miljøgiftsproblematikk. Mange av tiltaka er kunnskapsinnhenting, risikovurdering og utarbeiding av tiltaksplan. Ein må ha på plass større kunnskap om sjølve tiltaka og spesielt i forureina sjøbotn vil det ta tid før ein kan måle effekten av tiltaka. Det er ikkje realistisk å oppnå god tilstand innan 2021 og det er derfor rett å gje desse utsatt frist. 33 av desse har i tillegg fått utsatt frist frå å oppnå god kjemisk tilstand til neste planperiode.

Naturvernforbundet krev stans i deponering av massar i sjø. Dette gjeld kystvassførekomsten Elnesvågen i Romsdal. Dei har varsla at dei vil klage planen inn til ESA viss det ikkje blir stans i deponering av massar i fjorden. I utkastet som føreligg har denne vassførekomsten fått utsatt frist til 2033. Det er forventa drift i 60 – 100 år som omfattar sjødeponi. Miljødirektoratet vil gje konsesjon til dette. Det er ikkje forventa at god tilstand kan oppnåast i denne planomgangen (2016-2021). Miljømålet om god tilstand i 2033 er også forventa å måtte endrast i neste planrullering. Vassførekomsten vil seinare kunne bli vurdert som ein sterkt modifisert vassførekomst.

11 vassførekomstar med gyroproblematikk har fått utsatt frist i Driva-regionen. Dette skuldast at det ikkje er forventa at den planlagde gyrobehandlinga vil ha effekt før i neste planperiode.

Ein grunnvassførekomst står i risiko for å ikkje å oppnå god kjemisk tilstand innan 2021. Med bakgrunn i kunnskapsmangel får denne utsatt frist frå oppnå god kjemisk tilstand.

Totalt 18 sterkt modifiserte vassførekomstar har utsatt frist. Dette er vassførekomstar tilknytt Surna, Svorka/Bævra og Aura/Eira.

### Mindre strenge miljømål:

Det er berre unntaksvis og etter nasjonale føringar ein kan nytte mindre strenge miljømål etter vassforskrifta. Dette betyr at ein vassførekomst aldri vil oppnå god tilstand eller godt økologisk potensial.

I Møre og Romsdal vassregion er det foreslått mindre strenge miljømål for totalt 22 vassførekomstar. Grunnlaget for dette er nasjonale føringar gitt i brev av 17. november 2014 av Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet. I vassførekomstar der det er vurdert som svært urealistisk å oppnå eit fungerande økosystem. Dette er til dømes i vassdrag som er tørrlagt. Alle 22 vassførekomstar er knytta til regulerte vassdrag og er i stor grad tørrlagt. Tabell over vassførekomstar finnast i vedlegg 3.

### Om kost-nytte vurderingar:

VRM har ikkje fått inn kost-nytte vurderingar når tiltak er blitt foreslått. Det er heller ikkje gjort i vurderinga av SMVF, der sektormyndigheitene har gjort ei fagleg skjønsmessig vurdering av realistiske tiltak. Forvaltningsplanen legg opp til at ansvarleg sektormyndigheit skal ta ei grundigare vurdering av tiltak og miljømål før iverksetting av eventuelle tiltak. I dette inngår ei kost-nyttevurdering. Om kost-nytte vurderingar i forvaltningsplan skriv Miljødirektoratet følgjande i brev av 15. april 2015:

«

- *Dette er overordnede regionale planer, og ikke enkeltsaksbehandling av tiltak.*
- *Tiltaksprogrammene skal kun inneholde forslag til typer av tiltak, og ikke ha et detaljeringsnivå som foregriper sektormyndighetenes påfølgende saksbehandling av det enkelte tiltak.*
- *Tiltaksprogrammet skal kun inneholde et overslag over kostnader, mens en mer konkret vurdering av fordeler og ulemper vil komme i sektormyndighetenes påfølgende saksbehandling av det enkelte tiltak.*
- *Godkjente forvaltningsplaner skal legges til grunn for sektormyndighetenes arbeid, men vedtak om gjennomføring av enkelttiltak treffes først av ansvarlig myndighet i påfølgende saksbehandling etter relevant lovgivning.*
- *Det er adgang til å fravike planene, men ved rullering av planen må det begrunnes hvorfor tiltak ikke er iverksatt.»*

### Tiltaksprogram:

Vedlagte tiltaksprogram viser tiltak i denne planperioden. Totalt er det foreslått 468 konkrete tiltak. Foreslåtte tiltak skal startast innan 3 år og miljømålet skal vere oppnådd etter 6 år.

Av 468 tiltak har berre 79 tiltak eit kostnadsoverslag. Dette gjer at overslaget ikkje gjer grunnlag for ei konkret analyse fordelt på sektor og tema. Mellom anna inneheld energi-vasskraftsektoren ingen kostnadsoverslag over til dømes krafttap ved minstevassføring, innføring av nye vilkår og biotoptiltak. Slike kostnadar er forventa å bli høge. Likevel viser kostnadsoverslaget at arbeidet krev ressursar og ein må forvente større økonomisk engasjement frå staten enn det vi har sett til no.

### Handlingsprogram 2016:

I høve til Plan- og bygningsloven § 8-1 skal alle regionale planar ha eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet viser kva oppfølging plana krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføringa av den. Normalt legg ein ikkje desse ut på høyring, men Miljødirektoratet ønskjer at dette

blir gjort. Det er mest hensiktsmessig at dette blir gjort saman med dei andre dokumenta.

#### Regional forvaltningsplan med tiltaksprogram for vassregion Glomma, Trøndelag og Sogn og Fjordane:

Vassregionane følgjer vasskille. Mellom anna vassdrag i Oppdal kommune (Driva-vassdraget) er med i Møre og Romsdal vassregion. Delar av areal Møre og Romsdal fylke er med i vassregionane Trøndelag, Glomma og Sogn og Fjordane.

Forvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram til desse vassregionane må og bli vedtakast av Møre og Romsdal fylkeskommune. Desse er vedlagt saman med saksframlegg.

I planen til Sogn og Fjordane vassregion er det tre tiltak i vassforekomstar som er innanfor fylkesgrensene til Møre og Romsdal. I Trøndelag vassregion er det 5 tiltak som er retta mot vassforekomstar innanfor Møre og Romsdal fylke. I Vassregion Glomma er det ingen tiltak innanfor fylkesgrensene til Møre og Romsdal.

#### Vidare behandling:

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram skal vedtakast av fylkestinget. Forvaltningsplana skal deretter sendast til Klima- og miljødepartementet for endeleg godkjenning.

Høyringsinnspel frå første høyringsperiode:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/plandokument/regional-forvaltningsplan/hoyringsfrasegn/>

Høyringsrapport frå første høyringsperiode:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/plandokument/hoyringsrapport/>

Høyringsinnspel frå 2. høyringsperiode:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/plandokument/regional-forvaltningsplan/hoyringsfrasegn----2.-gangs-hoyring/>

Høyringsrapport frå 2. høyringsperiode:

<http://www.vannportalen.no/vannregioner/more-og-romsdal/aktuelt1/nyheter/2015/oktober/hoyringsrapport/>

**Forslag til vedtak:**

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtar regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal med tilhøyrende tiltaksprogram og handlingsprogram slik den ligg føre.

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtar regional plan for Vassregion Glomma, Trøndelag og Sogn og Fjordane med tilhøyrende tiltaksprogram og handlingsprogram slik dei ligg føre.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Bergljot Landstad  
regional- og nærings sjef

## Vedlegg

- 1 Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal
- 2 Tiltaksprogram for Vassregion Møre og Romsdal
- 3 Vedlegg 1 - Sterkt modifiserte vassforekomstar i Møre og Romsdal vassregion
- 4 Vedlegg 2 - Utsette fristar i Vassregion Møre og Romsdal
- 5 Vedlegg 3 - Mindre strenge miljømål i Vassregion Møre og Romsdal
- 6 Vedlegg 4 - Utsatt frist - kjemisk miljømål i Vassregion Møre og Romsdal
- 7 Vedlegg 5 - Verneområde i Vassregion Møre og Romsdal
- 8 Handlingsprogram 2016 - Vassregion Møre og Romsdal
- 9 Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Glomma
- 10 Tiltaksprogram for Vassregion Glomma
- 11 Handlingsprogram 2016 - Vassregion Glomma